

Søknad om nummerering av gnr i Alver kommune nr 4631

Viser til mottatt framlegg til nye gnr i Alver kommune, etter samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy pr 01.01.2020. Kommunane er kjent med at *«ved større endringer i gårdsnummerseriene skal det innhentes godkjenning fra Statens Kartverk.»*

Programansvarleg for Alver kommune har oppretta ei prosjekt gruppe for matrikkelen, der underteikna er leiar. Eg har fått fullmakt til å senda søknad om tildeling av framtidige gardsnummer i Alver kommune til karverket på vegne av våre 3 kommunar- jmf mandat for matrikkelprosjektet godkjent 30.01.2018. Matrikkelgruppa og rådmannsgruppa står samla bak framlegget.

Lindås kommune har i dag: gnr 4-70 og 80-248

Meland kommune har i dag: gnr 1, 4-57

Radøy kommune har i dag: gnr 14-103

Vårt framlegg er i all hovudsak i tråd med kartverket sitt framlegg, då det berre avvik på eitt punkt. Kommunane vil at dagens gnr 1 i Meland framleis er gnr 1 i vår nye Alver kommune.

Gnr 1 Flatøy var gnr 1 i tidlegare Hamre kommune og vart overført til Meland ved kommunesamanslåinga i 1964. Det er såleis også viktig å ta vare på denne historien. Gnr 1 har i dag vel 420 matrikkeleiningar og ligg på øya Flatøy. Gnr 1 er slik sett greitt definert og det er uproblematisk å finna tilbake til opprinnelsen. Øya Flatøy (gnr 1) er også innfallsporten til Meland i dag og til den nye kommunen Alver, når ein kjem til Nordhordland frå Bergen. Val av Flatøy som gnr 1 har ingen negative konsekvensar for samanhengen av bnr, då ingen av våre 3 kommunar i dag har gnr 2 og 3, og det vil uansett verte eit geografisk hopp til dagens gnr 4, både i Lindås og i Meland.

Framlegg til tildeling av gnr:

Lindås kommune beheld gnr 4-70 og 80-248.

Meland kommune får behalde gnr 1 og omnummererer dei resterande gnr i samsvar med kartverket sitt framlegg frå gnr 4-57, til gnr 304-357

Radøy kommune omnummererer frå gnr 14-103, til gnr 414-503

På vegne av kommunane Lindås, Meland og Radøy ber me om at kartverket godkjenner slik endring av matrikelnummer ved kommunesamanslåinga gjeldande frå 01.01.2020.

Frehaug 13.02.2018

Anngunn Marie Gullbrå

Prosjektleder matrikkelgruppe Alver kommune

